

Vedtekter for Vinje Kulturskule

Vedtatt av OVU (Oppvekst- og velferdsutvalet) 04.06.2008

Organisering:

- 1.1 Vinje kulturskule er ein kommunal kulturskule som Vinje kommune eig og driv.
- 1.2 Vinje kommunestyre vedtek vedtekter for Vinje kulturskule.
- 1.3 Kulturskulen høyrer administrativt til under eininga Kultur.
- 1.4 Vinje kulturskule skal ha tilsett rektor, og i tillegg nødvendige lærarar for til ei kvar tid å kunne dekke opp eksisterande tilbod. (innan vedtekne heimlar)
- 1.5 Rektor for kulturskulen har det faglege, pedagogiske og administrative ansvaret for drifta.
- 1.6 Vinje kulturskule skal prøve å gje eit desentralisert kulturtilbod, slik at born frå alle tre ungdomsskule-krinsane får det same høve til å vera med i kulturskulen sine aktivitetar.
- 1.7 Det må vera minst 3 elevar dersom læraren skal køyre langt for å undervise på staden, eller ein har 1,5 timar undervisning kvar gong.
- 1.8 Kulturskulen og skulane kan nytte kvarandre sine læremidlar etter nærare avtale.
- 1.9 Det bør leggjast til rette for bruk av kombinerte stillingar med grunnskulen og andre sektorar.

Undervisninga:

- 2.1 Vinje kulturskule følgjer for det meste skuleruta for grunnskulen i Vinje kommune.
- 2.2 Undervisninga kan organiserast både som individuell undervisning, gruppeundervisning og undervisning i samspel. Ein undervisningstime er frå 22.5 til 30 min.
Gruppeundervisning og samspelsundervisning varer normalt 2 undervisningstimar (45 til 60 min.)
- 2.3 Gruppeundervisning er når der er undervisning med fleire enn to over tid.
- 2.4 Gruppeundervisning og samspelsundervisning kan organiserast som eit prosjektilbod over ein kortare periode. Elevane vert ikkje automatisk overført til nye prosjektilbod, men må søke på nytt kvar gong.

Elevvilkår

- 3.1 Elevane skal møte presis og førebudd til timen.
- 3.2 Fråvære må meldast på førehand. Timar som fell bort grunna fråvære har eleven ikkje krav på å få att seinare.
- 3.3 Leige for instrument er gratis. Elevane har ansvar for kulturskulen sine instrument og anna utstyr. Skade på instrument må erstattast etter avtale.
- 3.4 Undervisningsmateriell er gratis.
- 3.5 Elevane skal vise god framferd i kulturskulen.
Foreldre eller føresette har høve til å fylgje undervisninga, etter avtale med læraren.
- 3.6 Elevar som ikkje rettar seg etter kulturskulen sine vedtekter, kan utestengjast frå undervisninga for kortare og lengre tid. Slik avgjerd blir teken administrativt.
- 3.7 Om elevane får oppdrag om å vera med på offentleg/privat tilstelling, skal rektor informerast.

Økonomi

- 4.1 Elevkontingenten er på 700,- pr. semester og blir betala kvart halvår. Denne er ikkje indeksregulert.
- 4.2 Det er sysken- og familiemoderasjon, samt moderasjon viss eleven gjeng på fleire tilbod. Prisen for dei andre i familien, pr. hovud, er 350,- i semesteret. Det sama viss ein elev gjeng på fleire tilbod.
- 4.3 Korps og kor lagar eigne avtalar, og får nytte dirigent gratis ved offentlege arrangement.
- 4.4 Kontingenten skal betalast for heile semestret sjølv om eleven sluttar i løpet av semestret.

Opptak

- 5.1 Opptak skjer for kvart skuleår etter nærare utlysing. **Både søknad og oppseing av plassen skal skje skriftleg.**
- 5.2 Det tas opp elevar fortløpande så lenge ein lærar har plass i undervisningstida si.
- 5.3 Elevane har 3 timars prøvetid. (Det vert då vurderast av lærar og føresette om eleven skal fortsette). Etter dette har eleven fast plass i kulturskulen som blir overført frå semester til semester.
- 5.4 Prioritering ved opptak er:
 - a) Elevar som har plass frå før
 - b) Elevar frå grunnskulen
 - c) Elevar frå vidaregåande skule
 - d) Vaksne
 - e) Søkjarar frå andre kommunar